

## Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 12.09.2017

### ORIENTERINGAR

Spesialrådgjevar Aina Haugstad og seniorrådgjevar Sigrid Næsheim Bjercke frå Regionalavdelinga orienterte om nye tiltak eller vesentleg endring av tiltak knytt til universell utforming i revisjon av handlingsprogrammet til folkehelseplan for Hordaland.

Dei politiske sakene vart behandla før referatsakene.

**Inger Sjøn** etterlyser svar på sak i fylkestinget om innfartsparkering og servicelinjene.

**Gunda F Sparre** stilte spørsmål om fylkeseldrerådet også vil ha tilsendt referat frå underutvala av brukarutvala. Solbakken ønskjer alt elektronisk, øvrige i fylkeseldrerådet ønskjer kun munnleg referat. Det blei også informert om at Haraldsplass får behalde sitt eige kjøkken.

**Gunda F Sparre** lage forslag til politisk sak til neste møte på følgjande:

- Anmodning om navneskifte på holdeplassen i Årstadveien når Haraldsplass nye sykehus opnar.
- Henvendelse til Statens vegvesen om nytt gangfelt i Årstadveien.
- Henvendelse til Skyss om haldeplass ved Ulsetåsen sykehjem

**Inger Sjøn** etterspør svar på innfartsparkering og serviceline.

**Kåre Ystanes** etterlyser svar frå fylkestannlegen, PS 19/17

**Monrad Reigstad** ber om at administrasjonen sender svar på brev frå Helseutvalet i Pensionistforbundet i Hordaland er mottatt og at dette vil bli behandla på neste møte.

Administrasjonen sjekkar om gavekort til elevane frå Langhaugen som skal underhalde på eldrerådskonferansen heller kan gis samla til klassekasse.

Administrasjonen ordnar med bøker som gavé til innleiarane på konferansen.